

E39 Kvivsvegen – knyter folk saman

22. september 2012 opnar Kvivsvegen og 60 000 innbyggjarar i Nordfjord og på Søre Sunnmøre vert knytt saman til ein større bu- og marknadsregion



Statens vegvesen


vegvesen.no

E39 Kvivsvegen

– knyter folk saman

22. september 2012 opnar Kvivsvegen og 60 000 innbyggjarar i Nordfjord og på Søre Sunnmøre vert knytt saman til ein større bu- og marknadsregion.

NYE REISEMØNSTER

Kvivsvegen vil gi ferjefri E39 frå Lote i Sogn og Fjordane til Festøya i Møre og Romsdal, og opnar for eit nytt aust-vest-samband mellom Søre Sunnmøre og Austlandet via rv. 15 over Strynefjellet. Med Kvivsvegen vert det 30 km kortare og køyre mellom Grodås og Volda.

I 2008 opna Eiksundsambandet i Møre og Romsdal. Investeringane som vart gjort i dette sambandet får enda større utteljing når Kvivsvegen opnar.

Mellom endepunkta for Kvivsvegen i Geitvika og rassikringsprosjektet Hjartåberget ved Årset står det att ca. 3,6 km av eksisterande veg med lågare standard. For å redusere risikoen for ulukker på grunn av standard-sprang mellom ny og gamal veg er det planlagt ei rekke trafikktryggingstiltak på denne strekninga. Arbeidet vert sett i gang så snart løyvingane er på plass. I beste fall vil utbedringane vere ferdig hausten 2013, samtidig som vegen gjennom Hjartåberget opnar. Ein vil då få ei samanhengande strekning på ca. 36 km frå Volda til Grodås med god stamvegstandard.



Mot Langevatn. Foto: Andreas Vollen, Gneis kommunikasjon

KVIVSVEGEN I TALL

Lengde ny E39 Geitvika-Grodås 17 160 meter med disse konstruksjonane:

Kvivstunnelen	6 563 meter
Eidsnakk-tunnelen	1 627 meter
Fyrdsberg-tunnelen	1 182 meter
Damfosstunnelen	218 meter
Kvivsbrua	144 meter

Gang- og sykkelveggar	1 550 meter
Sideveggar	2 900 meter

Nokre mengder:

- sprengt ut totalt 890 000 kubikkmeter fast fjell i tunnel og veglinja
 - brukt 60 000 sikringsboltar
 - brukt 31 000 kubikkmeter sprøytebetong
 - brukt 99 000 kvadratmeter vass- og frostsikring
 - brukt 17 700 kubikkmeter betong
 - brukt 790 tonn armeringsstål
 - flytta 540 000 kubikkmeter lausmasse
 - brukt 43 000 tonn asfalt
 - bygd 6 700 kvadratmeter natursteinsmurar
 - brukt 650 000 arbeidstimar
- Alle utsprengte steinmasser (lause masser), 1 320 000 kubikkmeter, er brukt til vegbygging på anlegget. I tillegg til 70 000 kubikkmeter frå sidetak på Kalvatn og Grodås



PADDEVEGEN

Kvivsvegen har ei spesiell gruppe vegbrukarar. I Fyrde i Volda kommune finns ein av dei største bestandane av padder i Noreg. Heile 12 000 padder har bustaden sin her og Kvivsvegen skjer igjennom vandreområdet deira. Vandringa er særleg stor om våren, når paddene skal ned til Lillevatnet for å yngle.

For å ta vare på den unike paddebestanden er det bygt sju små tunnelar under vegen som skal sørge for at paddene kjem seg trygt ned frå vinterholene sine og ned til vatnet. Det er og bygd ledeveggjar slik at paddene blir leda inn i tunnelane i staden for å gå ei usikker framtid i møte oppe på vegen.

ARKEOLOGI OG KULTURMINNE

Det er gjort arkeologiske utgravingar på begge sider av Kviven. På Lødemel i Hornindal og i Austefjorden i Volda vart det funne spor av busetting og jordbruk heilt tilbake til steinalderen. På Nes i Volda vart det funne spor frå jernalderen. Ingen av funna fekk konsekvensar for utbygginga av Kvivsvegen, men gav ny kunnskap om korleis det var å leve i området for fleire tusen år sidan.

På Kirkhorn i Hornindal står ei løe som er freda av Riksantikvaren, sidan ho har delar som kan daterast til før 1650. Det gjer at heile løa er freda. Kvivsvegen vart difor lagt utanfor denne løa.

HISTORIKK

Dei første løyvingane til Kvivsvegen vart gitt i 1884, då Hornindal, Hjørundfjord og Volda kommunar løyvde til saman 150 kroner til utbetring av ferdslvegen over Kviven. I åra framover vart det arbeidd med planar for ny veg. Kvivsvegneemnda vart skipa i 1974 med medlemmer frå Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta, Volda, Hornindal og Stryn. Og i 1985 vart Kvivsvegen AS skipa med medlemmer frå Ørsta, Volda, Hornindal og Stryn.

I 1999 vart Kvivsvegen valt som ein del av E39 Kyststamvegen, og prosjektet fekk ein ny giv. Kommunedelplanen vart godkjent i Volda i 2002, og i Hornindal i 2003. I desember 2006 vart reguleringsplanen godkjent i Hornindal, og i januar 2007 i Volda.

Vegen kom med i Nasjonal transportplan for 2006-2014, og i 2008 kom samferdsleminister Liv Signe Navarsete med meldinga om at Kvivsvegen vart finansiert av staten. Første spadesticket på Kvivsvegen vart teke 22. januar 2009. Og 128 år etter at dei første løyvingane kom, vert Kvivsvegen opna 22. september 2012.

FINANSIERING OG KOSTNADER

Kvivsvegen er finansiert med statsmidlar, men er forskottert med 44,2 mill. kroner av aksjekapitalen til bompengeselskapet Kvivsvegen AS. Forskotttinga skal tilbakebetalast utan kompensasjon for pristigning innan 2020. Prosjektet vart kostnadsrekna til



Paddeundergangar ved Litlevatn. Foto: Andreas Vollen, Gneis kommunikasjon



Det er bygd fleire store natursteinsmurar på Grodås. Foto: Oddbjørn Pladsen

1 045 mill. 2008-kroner. Dei siste prognosane syner at sluttkostandane kjem under kostnadoverslaget.

FRAMDRIFTA

Arbeidet med Kvivsvegen er gjennomført som planlagt. Den største utfordringa undervegs har vore dei dårlege grunnforholda på Voldasida. Bergkvaliteten har jamt over vore bra, men for å få tunnelane tørre er det brukt mykje vass- og frostsikring.

På Grodåssida har den største utfordringa vore vegbygging i eit bratt og trangt område nær skule og barnehage. Her måtte vi bygge mange store natursteinsmurar.

Milepelar:

- | | |
|-------------|---|
| 22.01. 2009 | Anleggsstart på vegane |
| 13.11. 2009 | Fyrste salve Fyrdsberg tunnelen |
| 02.12. 2009 | Fyrste salve Eidsnakk tunnelen |
| 08.12. 2009 | Fyrste salve Kvivstunnelen |
| 12.05. 2010 | Gjennomslag i Fyrdsberg tunnelen |
| 16.06. 2010 | Gjennomslag Damfosstunnelen |
| 23.08. 2010 | Gjennomslag Eidsnakk tunnelen |
| 24.03. 2011 | Siste støypen på Storelvbrua |
| 08.04. 2011 | Gjennomslag Kvivstunnelen |
| 22.09. 2012 | Opning av Kvivsvegen, to månader før planen |

KONTRAKTSTRATEGI

All planlegging fram til godkjent konkurransegrunnlag og oppfølging i byggjetida er gjennomført

av Statens vegvesen. Kontraktane vart delte opp for å få størst mogleg konkurranse om oppdraga:

	KVA	INNHALD	ENTREPRENØR
Tilbod 01	Veg/forskjerjingar Kvivstunnelen	Grodås: Vegfundament for ny E39/fv. 726 Kalvatn: Vegfundament E39 + to forskjeringar	K. A. Aurstad AS
Tilbod 02	Kvivstunnelen	Alt tunnelarbeid i Kvivstunnelen, 6 563 meter Veg i dagen Kalvatn, 400 meter og Lødemel, 800 meter	Skanska Norge AS
Tilbod 03	Veg og tunnelar Kalvatn-Geitvika	Totalt 7 330 meter ny veg, inkludert: Eidsnakktunnelen, Fyrdsberg tunnelen, Damfosstunnelen	Mesta AS
Tilbod 04	Veg Grodås-Kvivsbrua	3 km ny E39 900 m ny fv. 60	Volda Maskin AS
Tilbod 05	Kvivsbrua	144 meter lang og 13,7 meter brei spennarmert betongplatebru inkl. fundamentering	ECO Bygg AS
Tilbod 06	Elektro	Alt elektroarbeid på heile prosjektet	One Nordic Kraftmontasje AS

Kvivsbrua er 144 meter lang og bygd med gang- og sykkelveg. Foto: Oddbjørn Pladsen



TRYGGLEIK I TUNNELANE

Alle nye tunnelar over 500 meter er utstyrt med moderne tryggleiksutstyr, dette gjeld derfor i tre av dei fire tunnelane på Kvivsvegen. Bruk utstyret om nødvendig.

Stopplys og bommer vert aktivert når det vert meldt om ei hending i tunnelen, og det er viktig at du ikkje køyrer inn i ein stengt tunnel.

Nødtelefonane er til for trafikantane og er merka med eigne skilt. Du skal bruke nødtelefonen dersom du treng assistanse og for å varsle om hendingar. Bruk nødtelefon i staden for mobiltelefon, då veit operatørane ved Statens vegvesen sin vegtrafikksentral kva for ein tunnel du er i og kor i tunnelen du ringer frå.

Brannsløkkingsapparat bruker du for å slukke brann i tunnelen. Når du løfter av apparatet vert tunnelen automatisk stengt. Brannventilasjonen som skal sikre trafikantane og gi redningstenesta høve til å nå brannstaden vert sett i gang. Operatørane ved Statens vegvesen sin vegtrafikksentral varslar brannvesenet og andre redningstenester.



Foto: Oddbjørn Pladsen



Foto: Oddbjørn Pladsen

Havarinisjer finn du for kvar 500 meter i tunnelane, og du bruker dei dersom du må gjere eit nødstop. I alle havarinisjene finn du nødstasjoner med nødtelefon og brannsløkkingsapparat.

Snunisjer finn du i lange vegtunnelar, som Kvivs-tunnelen. Snunisjene skal først og fremst gi større køyretøy høve til å snu i tunnelen ved ein nødsituasjon. I alle snunisjer finn du nødstasjonar med nødtelefon og brannsløkkingsapparat.

Ledelys langs vegbanen tendas automatisk når du bruk-er nødtelefonen eller brannsløkkingsapparat, eller når Statens vegvesen set i verk nødtiltak.

Dei lengste tunnelane på Kvivsvegen har radio-samband, og operatørane ved Statens vegvesen sin vegtrafikksentral og redningstenestene kan gi meldingar til trafikantane ved å bryte inn i radio-sendingane. Ha derfor radioen på P1 når du kjører i ein tunnel.

Dersom eit brannsløkkingsapparat vert fjerna, starter ventilasjonen. Ved ein brann i dei tre lengste tunnelane på Kvivsvegen har brannventilasjonen fast retning frå Volda mot Grodås.

PROGRAM

Open dag i Kvivstunnelen søndag 16. sep 2012 - ved fylkesgrensa midt inne i Kvivstunnelen

- Kl. 1100 Tunnelvandring i eige tempo frå Kalvatn og Lødemel (ca 3,3 km)
- Kl. 1200 Gudstjeneste med fem kor og aktørar frå begge sider
- Kl. 1245 Kaffe, kaker, pølser og brus til alle frammøtte
- Kl. 1300 Orientering om Kvivsvegen og bruk av tryggleiksutstyret i tunnelane ved prosjekt-leiar Oddbjørn Pladsen frå Statens vegvesen
Kulturelle innslag frå Volda, Hornindal, Ørsta og Stryn kommunar
Utstilling ved blant andre entreprenørar og lokalt næringsliv

Parkering på begge sider av tunnelen, på Kalvatn og Lødemel. Gratis busstransport frå begge sider av tunnelen for eldre og andre som har behov for skyss.



Statens vegvesen

vegvesen.no

Opning av E39 Kvivsvegen laurdag 22. sep 2012 - ved fylkesgrensa midt inne i Kvivstunnelen

- Kl. 1145 Korpsmusikk på klippestaden
- Kl. 1200 Offisiell opning av Kvivsvegen på fylkesgrensa inne i tunnelen
Velkommen ved ordførarane Arild Iversen frå Volda og Anne-Britt Øen Nygård frå Hornindal
Tale ved regionveg sjef Berit Brendskag Lied, Region midt og regionveg sjef Helge Eidsnes, Region vest
Kulturinnslag frå Volda og Hornindal kommunar
Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete opnar Kvivsvegen
- Kl. 1300 Kortesje frå opningsstaden med veteranbilar og bussar til Fyrde. Retur til Kalvatn, Lødemel, Grodås og Loen.

Private bilar må parkerast på Kalvatn, Lødemel og i Grodås sentrum. Der i frå vert det gratis busstransport til fylkesgrensa om lag midt inne i Kvivstunnelen. Busstransport frå Kalvatn og Grodås frå kl. 1100, med siste avgang kl. 1130.

Begge arrangementa går føre seg inne i tunnelen, så ta på deg varme klede/sko.

Søndag 23. september vert det konsert med koret «Kvivsvegsamklang»

- Kl. 1600 i Honndalshallen
- Kl. 1930 i Volda kyrkje

Vel møtt!